




# ÅRSMELDING UNDHEIM SOKNERÅD 2019



## UNDHEIM SOKNERÅD

2019 vart eit jamnt og godt arbeidsår. Soknerådet gjekk inn i det siste året av perioden dei var valde for.

På våren blei det sett ned nominasjonskomitè som hadde kandidatliste klar til valet 9. september. Det nye soknerådet konstituerte seg og tok over 1. november.

Elles på våren vart det gjort tilsetjing i prosjektstillinga «Ung i Time». Asle Steinbru tok imot stillinga, og var klar til oppstart i august. Prosjektet har ei styringsgruppe med representantar frå Time, Undheim og Bryne. Kjellaug Wold er Undheim sin representant.

Det er svært leit å måtte melde at frå hausten 2019, har det ikkje vore ungdomsarbeid i Undheimkyrkja. UKUF har ikkje fått engasjerte ungdommar med seg i styret, og heller ingen vaksne til å dra lasset. Prosjektleiar i «Ung i Time» er med i konfirmantarbeidet og innom «Open kjellar» for å knyta kontakt med tanke på å byggja opp UKUF på ny.

I 2019 var det soknerådet i Undheim sin tur å arrangera konfirmantfest for konfirmantar og føresette frå Undheim og Time/Lye. Ein fin

kveld kor soknerådet stod for det praktiske, og staben for innhaldet i festen.

Staben for Undheim har faste møter gjennom året. I 2019 vart Praxedes Slettebø knytt til staben som ny diakon for heile Time. Etter omorganisering av Elisabeth Obrestad si stilling på kyrkjekontoret, vart stillinga som dagleg leiar lyst ut, og Frode Skårland er tilsett frå 01.01.2020.

Misjonsavtalen Undheim har med fam. English og Josiah Venture i Tsjekkia gjekk ut i 2019. Det nye soknerådet forlenga den med 4 år. Økonomisk forpliktar soknerådet seg til å bidra med kr. 12.000,- årleg. Arbeidet er retta mot ungdommar i heile Aust-Europa.

Mange, veldig mange, har ei oppgåve i Undheimkyrkja og gjer det muleg at alt det flotte arbeidet vert halde oppe. Mange strekkjer seg langt, nokre byter teneste, og andre treng ein pause. Slik vil det svinga, så me held fram å be at Gud skal kalla arbeidarar til ei teneste dei brenn for og finn meningsfull.

Stor takk til alle!

*For Undheim sokneråd:  
Hanne Brit Sandsmark  
Leiar*

**Kristus, konge, du regjerer**, all vår styrke er fra deg.  
Kongesønn som triumferer, lydig gikk du korsets veg.

Med ditt offer vant du seier, mørkets makter måtte fly.  
Vis oss hvilket håp vi eier, gjør din kirke sterk og ny.

Herre, se til oss her nede, fri ditt folk fra syndens makt.  
Med din nåde vær til stede, kall oss ut til hellig vakt.

Gjør oss skicket til å virke for din sak i bygd og by.  
Fyll med ånd og kraft din kirke, gjør den atter sterk og ny.

Herre, du har gitt oss evner, rike gaver ved din Ånd.  
Styr oss så vi ikke stevner ut av kurs på egen hånd.

Led oss så vi ydmykt bærer korsets skjensel, verdens ry.  
Mester, vær vår store lærer, gjør din kirke sterk og ny.

Herre, vi er ennå unge, kalt til vitner for din sak.  
Får vi byrder som er tunge, styrk vår rygg og hold den rak.

Jesus, la oss være rede når du kommer i din sky.  
Gi din kirke mot og glede, gjør den atter sterk og ny.

Kristus, konge, du regjerer

T: Patrik Appleford 1960

M: Geoffrey Beaumont 1960

O: Olaf Hillestad 1964



## GUDSTENESTEUTVALET

### Gudstenesteutvalet 2019:

May Brit M. Arnø, leiar  
Steinar Sandvik  
Møyfrid Hersdal  
Bente Sikveland  
Grete Aardal  
Kari Kaald Reiten, sekretær  
Rita Gudmestad Undheim

Gudstenesteutvalet har hatt 5 møte i 2019. Gudstenesteutvalet planlegg, gjennomfører og evaluerer gudstenestene i forhold til tema, type gudsteneste og song- og musikkrefter. Noko av det me har brukt mykje tid på er å «baka inn» bønnevandring som ein naturleg del av gudstenestene vår.

I tillegg hadde GU, saman med Supermix, DeKor og tilsette, hatt ansvar for:

«Vi syng jula inn» søndag 15. desember kl. 14.00. Dette er et godt arrangement med mykje folk og med mange gode tilbakemeldingar. Enkel servering i kyrkjekjellaren etterpå, i regi av soknerådet, har også vore svært vellykka.

Nytt mandat for gudstenesteutvalet (GU ) var oppe som sak dette året. GU er oppnemnt av

*May Brit M. Arnø*

soknerådet med same funksjonstid (4 år) som rådet. Utvalet er samansett av sokneprest, musikalsk leiar, ein representant frå soknerådet, ein repr. frå søndagsskulen, ein repr. frå unge vaksne, ein repr. frå UKUF og ein frittstående repr.

Då den nye soknerådsperioden tredde i kraft i desember gjekk desse ut av GU:

Møyfrid Hersdal, Bente Sikveland og Grete Aardal.

Nytt GU utval frå desember 2019 :

Leiar:	May Brit M. Arnø (sokneprest)
Sekretær:	Kari Kaald Reiten (musikalsk leiar)
Repr. soknerådet:	Tordis Fosse Lye
Repr. søndagsskulen:	Rita Gudmestad Undheim
Frittstående repr.:	Steinar Sandvik

Pr. i dag manglar me repr. får Unge Vaksne og UKUF

Gudstenesteutvalet ser på si oppgåve med glede og optimisme, og vi håpar mange vert velsigna gjennom arbeidet.

## BØNE- OG OMSORGSKOMITÉEN

I 2019 hadde bønne- og omsorgskomiteen to møter. Dette året vart det ei endring på opplegget kring bønnetenesta. Før kvar gudsteneste samlast alle som har teneste den sundagen og ber for gudstenesta. Etter kvar gudstjeneste er det høve til å få forbøn av to forbedarar. For å få meir ro kring forbøna, er den flytta til kontoret. Forbedarane tek og imot ynskje om forbøn for sjukdom eller andre vanskelege situasjonar. Dei som får tilsendt bønnebehov på sms, har sjølv sagt teieplikt.

Bønnegruppa er og ein del av kyrkjelyden sitt diakoniutval. Gruppa er med og leiar og

*Tordis Sandvik*

organiserer jublantbesøk til 80, 90, 95 og 100 års jubilarer i kyrkjelyden. Det er Rita Gudmestad Undheim og Tordis Sandvik som har besøkt 11 jubilarer i 2019.

Desse er med i bønne og omsorgskomiteen: Rita Gudmestad Undheim, Gerd Solveig Vikebakk Aarrestad, Else Marit Undheim og Tordis Sandvik.

Desse er med som forbedarar på gudstenestane: Kari Sikveland, Elisabeth Fosse, Gerd Solveig Vikebakk Aarrestad, Anne Reiersen Undheim, Nils Garborg Reiten og Tordis Sandvik.

## UGLA GUTTELAG

Samlingsstad og tid: Undheim skule annankvar tysdag kl 19.00-20.00.  
Målgruppe: 4.-7. klasse guttar.

Oppslutning: Våren 2019 møtte i underkant av 15 guttar på kvar samling. I haust auka frammøte til rundt 20 stk kvar gong.  
Kontingent: 50 kr.

Leiar/ leiarar: Torbjørn Garborg, Amund Undheim, Ola Mellestrand, Vidar Undheim, Kjell Einar Soldal, Norodd Sikveland og Gisle Oddane som var ny i haust.

*Torbjørn Garborg*

Det har vore 14 samlingar i 2019. Kveldane startar med andakt, og aktivitetar etterpå. 4 gonger har det vore trearbeid. Elles har me hatt landhockey, basar, kosekveldar med leikar og konkurransar, og besøk frå NMSU. På 3 samlingar har det vore servering av pølser eller pizza, og saft. Det har vore turar til Mellestrand og Myrebø. Avslutninga før jul var i Lendestova hos Amund.

UGLA vil fortsetja med å ha samlingar med variert innhald, for å halda fast på det gode fellesskapet mellom unge og vaksne.

## MØTEPLASSEN

Møteplassen, Undheim sitt lokale kyrkjelydsblad kom ut med fire nummer i sin 14. årgang. Bladet vert gitt ut i eit samarbeid mellom soknerådet og kyrkjestyret.

Redaksjon: Steinar Sandvik, May Brit M. Arnø. Laila Undheim og Hanne Brit Sandsmark

Trykkinga vert betalt av ulike sponsorar, og gjennom frivillig kontingent. Bladet vert delt ut av 9 frivillige.

*Hanne Brit Sandsmark*

## OPEN KJELLAR

Me hadde 5 samlinger på våren og 4 på hausten.

Ca 25 ungdommer kvar gong. Kort andakt, sal av pølse, brus og snop, samt spel og sosialt. Graut siste gang før jul.

Leiarar har vore Ola Eikeland, Nina Fosse, Grete Aardal og Janne Vigdel Berge

*Ola Eikeland*

## UNDHEIM SØNDAGSSKULE

Søndagsskulen har i 2019 hatt 13 samlinger og me har 32 betalande medlemmer. I tillegg har fleire barn vore innom ved til dømes dåp i kyrkja. I snitt har det vært ca 25 ungar kvar gong. Våren 2019 var søndagsskulen delt i to grupper, ei for førskulebarn, og ei for dei som er i skulealder. Hausten 2019 vart dei to gruppene slått saman på grunn av leiarmangel. Det er eit stort ynskje å klare å dele gruppa i to igjen, men så lenge me ikkje har fleire leiarar er ikkje dette mogleg.

8. – 9. november hadde me SLUSH kurs for 6 Sprell Levande Unge Søndagsskulehjelparar på Undheim. Helga Fykse frå Søndagsskulen Rogland var med oss desse dagane, og kurset var eit samarbeid med Bryne frikyrkje. Søndagsskulen bruker Sprell levende-opplegget, og me er godt nøgde med dette ressursmaterialet.

Søndagsskulen startar kl 11.00, og på gudstenestene legg me opp til at barna er

klar til å gå ned i kyrkjekjellaren til den tida. Det er derfor fullt mogleg for heile familien å kome på gudstenesta saman, og så kan barna gå på sitt opplegg når tida kjem.

I 2019 har desse vært med som leiarar på søndagsskulen:

Guro Undheim, Norunn G. Sikveland, Jakob Aardal, Sofus Gauksås, Kristine Gausland, Kari S. Sikveland, Ann Iren G. Sikveland, Alma Eikeland, Magnhild Fosse, Pia Norunn Risa, Elisabeth Fosse, Mikal Marinius Aardal, Pauline Tveiten og Inger Eikeland

Tusen takk for den flotte jobben dykk har gjort! Både de som har slutta av i løpet av året, og de som har kome til som nye leiarar. **Og ikkje minst: Tusen, tusen takk til Pia, Jakob, Ann Iren og Alma** som har tatt eit stort ansvar dette året og står på for at me kan fortsette med det viktigaste av alt: **Jesus til barna** her på Undheim!

*For Undheim søndagsskule  
May Brit M. Arnø*

## SUPERMIX

Me hadde i 2019 33 betalande medlem. Dei var i alderen 4 til 10 år. Dirigent har vore Astri F Eikeland, for det meste. Supermix møtes annakvar tysdag i kyrkja, frå kl 17.00-18.00. Opplegget er song og andakt oppe, og laga noko fint nede i kjellaren.

Leiarane i 2019 har vært:

Gunn Årdal Helland, Janne Berge, Tone Gundersen Haugen, Anlaug Bjørgo Risa, Sigbjørn Risa, Grete Aardal, Nina Fosse, May Brit M. Arnø og Astri F. Eikeland. Anne Gun Mellemstrand er kasserer.

*For Supermix  
Astri F Eikeland*

Supermix har i år sunge på tenning av julegran, gudsteneste, «Me syng jula inn», juletreffest i kyrkja og julemessa på Fotland bedehus. I tillegg har Supermix vore aktivt med i både planlegging og gjennomføring av Sprell levande familiegudsteneste.

Me må òg nemna Bollekonserteren. Me inviterte foreldre og andre som hadde lyst på konsert med Supermix og Jarle Waldemar. Me inviterte òg Lye barnegospel og barnekoret i Frikyrkja til å delta på konserten.

## deKOR

Samlingsstad og tid: Undheim kyrkje, torsdag i partalsveker, kl. 19.30 – 21.30.

Målgruppe: Sangglade vaksne i alle aldrar.

Oppslutning: 40 medlemmer.

Kontingent: kr. 300,- pr. semester

Dirigent: Kari Kaald Reiten

Leiar: Petter Aarrestad.

Styret elles: Åmund Eikeland, Astri Synnøve Lauvsnes Tunheim, Marit Taksdal og Wenche Undheim.

Varamann: Nordin Sikveland

### Om arbeidet:

Gleder og utfordringar: Me har ein høg trivselsfaktor i koret – bare positive og engasjerte medlemmer. Prøver å få til 4-5 opptredener per semester.

I 2019 har me opptrådt i mange samanhengar, alt frå sanitetsmøte, basar, salmekveld, historielag og julearrangement. I vår hadde me konsert saman med Evy og Jan.

I haust var me ei helg i København, med mykje sosialt samvær. Me song på ei gudsteneste i sjømannskyrkja på søndagen.

*Petter Aarrestad*

## LAUST OG FAST

Laust og fast har møter den tredje onsdagen i månaden. Me har hatt 7 samlingar i år, pluss ein gild sumartur som dette året og gjekk til det koselege tunet på Sæland sjå Signy og Einar Sæland. Ansvar for samlingane har Kari og Oddvar Egeland, Marit og Amund Undheim og Aaslaug og Torstein Tunheim, med god hjelp Inger Marie Wefring, Anna Egeland og Ågot Håland.

Fast på møta er "Ord for dagen". Dette året har me hatt gode innslag der gjestar har delt minner frå barndommen, både folk som bur i bygda og andre som er utflytte og har hatt sin barndom her. Interessant og gildt. Me har og utlodding og mykje song på kvar samling. Sjølv sagt har me og kaffi og mykje god mat pluss godt drøps.

*Aaslaug Tunheim*

Viktige hendingar, er at mange nye finn vegen hit både frå bygda her og andre stader i kommunen. Gleda er stor når me ser folk kjem, og me vert som regel ein flokk på 50-60 mann pr samling.

Overskotet frå samlingane går direkte til kyrkjestyret.

Me ønsker at alle som kjem på Laust og fast skal trivast, og me vil at nye skal bli med på samlingane våre.

Takk til alle frivillige som kjem med mat til samlingane!

## DIAKONI UNDHEIM

Årsmeldinga omfattar oppgåver der diakon, saman med frivillige medarbeidarar er involverte. Det er ikkje eige diakoniutval på Undheim, men det er mange som er med i forskjellige frivillige oppgåver i diakonal regi. Bøne- og omsorgsgruppa har eit særskilt auge for eit av måla i diakoniplanen vår: «Nestekjærleik; omsorg for menneska i som bur i bygda». Mykje av det diakonale arbeidet er også felles tiltak saman med Time og Bryne. Det er ikkje mogleg å nemna kvar einskild med namn, men vi ønskjer å takka kvar og ein for den viktige oppgåva dei står i. Marit Høie Hetland slutta i jobben som diakon våren 2019, men fungerte som diakon fram til midten av september. Då starta nyttilsett diakoniarbeidar Praxedes Slettebø.

### Plan for diakoni

Det er utarbeida ein lokal plan for diakoni, som ligg til grunn for den diakonale verksemda i kyrkjelyden. På denne måten ønskjer vi å ha eit oppdatert og dagsaktuelt arbeid. Planen blir evaluert og oppdatert annakvart år, og skulle ha vore revidert i 2019. Sidan det dette året har vore skifte i diakonstillinga, har denne evalueringa blitt

utsett til våren 2020, slik at ny diakoniarbeidar kan vera med på det.

### Bønearbeid

Kyrkjelyden har ei frivillig bønegruppe (bøne- og omsorgsgruppa) som leier og organiserer kyrkjelyden sitt organiserte bønearbeid. Nokon av oppgåvene deira er mellom anna å be for gudstenester, tilby forbøn etter gudstenester og be for menneske som ønskjer forbøn. Denne gruppa har eiga årsmelding.

### Arbeid for eldre og besøksteneste

Vi synest det er viktig med heimebesøk. Jubilantar i soknet som fyller 80, 90, 95 og 100 år får besøk med ei helsing frå kyrkjelyden. Desse besøka, og fleire andre besøk blir utført av frivillige (bøne- og omsorgsgruppa) og tilsette. Mykje av den diakonale tenesta er uorganisert. Fleire frivillige går på regelmessige besøk til sambygdingar som er åleine eller treng nokon å snakke med. Bøne- og omsorgsgruppa er aktive aktørar i denne besøkstenesta.

Kvart år arrangerer diakoniutvalet i Time ein «Vårfest for alle +/- 60». Festen byter på å vere på Lye forsamlingshus og i Undheim kyrkje. Dette året var denne festen på Lye Forsamlingshus. Mange frivillige var i sving. Det var kåseri og andakt v/ Åsmund Steinnes. Musikk ved Mari Ask Helland, samt musikalske innslag frå Time kulturskule. Det var ein kjekk fest, med full sal. Denne festen er felles for alle i Time, Undheim og Bryne. Bryne diakoniutval arrangerer også ein tilsvarende fest som er felles for alle. Det er «Haustfest for alle +/- 60». Det var også ein veldig kjekk fest, som gjekk av stabelen i slutten av oktober.

I tillegg til dette er alle i Time, i alderen +/- 60, inviterte til «Torsdagstreff» i Bryne kyrkje ein torsdag i månaden. Institusjonane i Time blir også regelmessig besøkte av prest eller diakon som held andakt eller gudsteneste der. Her bur det bebuarar frå heile Time.

## Sorgarbeid

Andre sundagskveld i januar blir det kvart år halde ein minnegudsteneste i Time kyrkje. Mange pårørende kjem til kyrkja for å minnast dei som har døydd i året som har vore. Dette er eit felles arrangement for heile Time, arrangert av Time diakoniutval. Prest var Stein Ødegård, og Oddny Underhaug med songgruppa Shalom deltok med song, og munnspele v/ Anne Kristine Røthing. Namna blei lese opp og det blei tent lys på ein nydeleg lysinstallasjon.

Laurdag før Allehelgensdag hadde Time diakoniutval arrangementet «Open kyrkje, tenn eit lys». Då blei kyrkjetorget i Time kyrkje halde ope, og folk kunne koma inn for å få varma seg, få noko å bita i og å samtala med nokon, medan dei besøkte gravene på kyrkjegarden. Inne i kyrkjesalen hadde vi ein times program med vekselvis orgelmusikk og skrift/diktlesing ved Per Olav Egeland og Heidi Strand Harboe. Det blei eit flott arrangement.

*Marit Høje Hetland*

Diakonen/diakoniarbeidaren tek kontakt med etterlatne i heile prestegjeldet, og det blir arrangert sorgstøttegrupper i samarbeid med heile Jæren og Sandnes prosti. Gruppene startar opp fortløpande etter behov. Frivillige medarbeidarar er med som sorgstøttegruppeleiarar. Både deltakarar og gruppeleiarar kjem frå Time.

## Arbeid for menneske med utviklingshemming

Ein søndag i månaden er det «Sundagstreff». Dette er samlingar med gudsteneste tilrettelagt for menneske med utviklingshemming i Bryne kyrkje. Då er det først allsong, mat og drøys i peisestova. Etterpå er det gudsteneste i kyrkjesalen. Ein god gjeng blir samla her kvar gong. I desember deltok «Sundagstreff» saman med kulturskulen sitt band «Bankers» på ei formiddagsgudsteneste i Bryne kyrkje. I forkant av dette arrangementet hadde «Sundagstreff» ein gudstenesteverkstad der dei førebudde seg til å delta i gudstenesta. I mai var det sommaravslutning med grilling i Undheim kyrkje. I oktober reiste ein god gjeng frå «Sundagstreff» på tur til Stavanger for å delta på Hausttakkefest i St.Petri kyrkje. Dette arbeidet er felles for Bryne/Time/Undheim.

Diakonen har også hatt skulebesøk i Brynkyrkja med elevane frå avd. for kvardagslivstrening ved Bryne vgs, der blei det fortald om påsken.

## Fasteaksjonen

Tysdag 09. apri dette året gjekk årets Fasteaksjon av stabelen. Konfirmantar gjekk med bøsser, og frivillige var med i organiseringa. Resultatet for heile Time var kr. 159 537,- Av desse blei kr. 18 070,-samla inn på Undheim. Dette var eit flott resultat. Mange var med både i gjennomføringa, samla inn og gav pengar i bøssene.

Tusen takk for stor innsats i det diakonale arbeidet i Undheim i 2019.

## TRUSOPPLÆRINGA I BRYNE, TIME OG UNDHEIM

Dåpen forpliktar oss til opplæring. Trusopplæringa skal vera eit tilbod om systematisk og samanhengande opplæring for alle døypte barn og unge uansett funksjonsnivå. Vi har sidan oppstarten i august 2004 bygd opp nokre robuste fasetiltak for aldersgruppa 0-12 år. Trusopplæringa har vore i ordinær drift frå 10.07.2013.

### Oversikt over fasetiltaka:

Alder	Tiltak	Oppslutning 2019 (2018 i parentes)	Anna
0 år	Dåpssamtale og dåp	Bryne: <b>88</b> (76) Time: <b>34</b> (33) Undheim: <b>9</b> (10)	1 samtale og gudsteneste
0-1 år	Babysong/småsong	Bryne: 9 av 161 = <b>6%</b> (ny) Time: 15 av 66 = <b>23%</b> (15%) Undheim: 12 av 23 = <b>52%</b> (75%)	Samling annankvar veke
2 år	Undretur Hausttakkegudsteneste	Bryne: 10 av 89 = <b>11%</b> (27%) Time: 8 av 19 = <b>42%</b> (Ikkje gjennomført) Undheim: 12 av 12 = <b>100%</b> (73%)	1 samling Utdeling av CD.
3 år	Krøllekveld	Bryne: 16 av 89 = <b>18%</b> (20%) Time: 9 av 42 = <b>21%</b> (33%) Undheim: 9 av 11 = <b>82%</b> (80%)	1 samling
4 år	Barnebibel Barnebibel og fireårsklubb	Bryne: 30 av 68 = <b>44%</b> (41%) Time: 19 av 39 = <b>49%</b> (47%) Undheim: 19 av 20 = <b>95%</b> (78%)	1 gudsteneste 1 gudsteneste 3 samling + gudsteneste
4 år	Adventsklubb Fireårsklubb	Bryne: 12 av 68 = <b>18%</b> (25%) Time: 19 av 39 = <b>49%</b> (22%)	1 - 2 samlingar 3 samlingar
4-5 år	- Samling med Jungelkoret - Sml m/ Lye barnespel - Samling med Supermix	Bryne: 15 av 109 = <b>14%</b> (12%) Time: 4 av 36 = <b>11%</b> (16%) Undheim: 16 av 20 = <b>80%</b> (28%)	1 samling
6 år	Aktivitetsdag	Bryne: 3 av 87 = <b>3%</b> (0%) Time: 4 av 41 = <b>10%</b> (0%) Undheim: 2 av 11 = <b>18%</b> (65%)	1 dagssamling (planleggingsdag for skulen)
6-7 år, 1. kl	Dåpsskule	Bryne: 9 av 89 = <b>10%</b> (14%) Time: 7 av 33 = <b>21%</b> (28%) Undheim: 12 av 17 = <b>71%</b> (69%)	B: 2 sml + dåpsskulehelg T og U: 3 saml. + dåpsskulehelg
8-9 år, 2. kl	Pinsefart	Bryne: 9 av 101 = <b>9%</b> (15%) Time: 22 av 45 = <b>49%</b> (49%) Undheim: 12 av 16 = <b>75%</b> (61%)	3 saml. ettermiddagstid
9-10 år, 3.kl	Tårnagenthelg	Bryne: 33 av 118 = <b>26%</b> (38%) Time: 18 av 42 = <b>43%</b> (52%) Undheim: 22 av 28 = <b>79%</b> (68%)	Fre/lør 5 timer + gudst. søndag. U: 3. og 4. trinn saman
10 år, 4. kl	Gudsteneste med påskedrama	Time: 8 av 46 = 17%	1 sml + gudsteneste
10 år, 4 kl	På sporet av Jesus	Bryne: 3 av 111 = <b>3%</b> (3%) Time: 12 av 46 = <b>26%</b> (19%) Undheim: 6 av 10 = <b>60%</b> (30%)	1 samling lørdag
10 år, 5.kl	Lys vaken	Bryne: 35 av 111 = <b>32%</b> (8%) Time: 24 av 46 = <b>52%</b> (31%) Undheim: 6 av 10 = <b>60%</b> (40%)	2 sml + gudsteneste T og U: Lørdag + gudsteneste

Alder	Tiltak	Oppslutning 2019 (2018 i parentes)	Anna
13 år, 7 kl	7. klassefest	Lye: 25 av 4 = 61%	1 kveld
11-13 år, 5-7. kl	24 H Festival, utgår inn kjem 12H i 2020	Bryne: ikkje arrangert (10%) Time: ikkje arrangert (49%) Undheim: ikkje arrangert (85%)	24 timar lørdag-søndag, inkl. overnatting + gudsteneste
15 år, 9. kl	Konfirmasjon	Bryne: 73 av 113 = <b>65%</b> (85%) Time: 21 av 31 = <b>68%</b> (68%) Undheim: 9 av 10 = <b>90%</b> (88%)	Totalt 60 timar.

Time og Undheim har gjort ei endring for utdeling av Barnebibel og samlingane knytt til utdelinga. Tidlegare har utdelinga vore før samlingane, nå er det motsett med samlingane først. Undheim prøvde ut i fjor, og Time følgde etter i år. Det har fungert veldig godt! Barna er mykje tryggare, dei har fått litt eigarskap til kyrkja, og har møtt nokre av dei vaksne før utdelinga.

Ung i Time starta opp hausten 2019 med Asle Steinbru som prosjektleiar. Det er ny giv og god utvikling i ungdomsarbeidet. Det er vanskeleg å invitere til fasetiltak for ungdommar, når det ikkje er eit ungdomsarbeid å føra ungdommane vidare inn i. Dette håper me vil endra seg i løpet av få år, slik at me også får i gang fasetiltaka i ungdomsfasen.

Det kontinuerlege barne- og ungdomsarbeidet er viktig grunnlag for forming av identitet, tru og fellesskap, og gjev rom for undring og vekst. Det er viktig å balansera satsinga på fasetiltaka med eit kontinuerleg tilbod i kyrkjelydane.

**Organisering:** 2019 har vore eit år prega av optimisme, tiltakslust og innsatsvilje, men også frustrasjon over ungdomsarbeidet. Alle planlagde tiltak for barne-fasane vart gjennomførte, men kun konfirmantarbeidet for ungdoms-fasen.

#### **Trusopplæringsstillingar:**

Trusopplæringa har til saman 1,4 stillingar som er dekkja av trusopplæringsmiddel.

Sokneråda har vedteke å styrka trusopplæringa med innsamla midlar, og difor er stillingane innan trusopplæringa større enn det som blir dekkja av overførte midlar.

- 60% kyrkjelydspedagog i Bryne (60% trusopplæringsmiddel): Mari Ask Helland (vikar for Kristine Åsbø)

- 70% kyrkjelydspedagog i Time og Undheim (50% trusopplæringsmiddel): Ragnhild Hanssen

- 50% kyrkjelydspedagog i Bryne (30% trusopplæringsmiddel): Marit Høie Hetland (vikar for Marion Lende)

- 100% kantor i Bryne (20% trusopplæringsmiddel): Per Olav Egeland

- 80% kateket Ingfrid Time Nærland, løna av Stavanger bispedøme

Vi gler oss til å utvikla trusopplæringa vidare. Trusopplæringsplanen vil vera retningsgivande for det vidare arbeidet med trusopplæringa.

Eg takkar dyktige medarbeidarar, både tilsette og uløna, for sterkt engasjement og god innsats for trusopplæringa! Det er i dette samspelet at arbeidet er mogleg å gjennomføra. Ei lita utfordring og oppmuntring går til leiarar i det kontinuerlege arbeidet om å vera med som medarbeidarar i fasetiltak for å laga linkar til deira eige arbeid.

## GLØD

Glød har ikkje hatt nokon arrangement i 2019. Me i komitéen var einige om at me ikkje skulle ha så mykje aktivitet i 2019 på grunn av at alle hadde begrensa med tid og energi til å arrangera noko. Me hadde eit komitémøte i desember for å oppsummera kva me tenker framover.

Me trur at det er behov for eit konsept som Glød i kyrkja på Undheim. Den opprinnelege tanken med Glød, var å skapa aktivitetar og arrangement som var lågterskel og retta mot unge vaksne og familiarbeid. Me i komitéen meiner at alle aktivitetar i kyrkja som passar inn i den opprinnelege tanken med Glød, kan vera/er eit Glød-arrangement. Det treng altså ikkje vera me i komitéen som står bak det for at det skal kallast Glød-arrangement. Det har for eksempel vore fleire pizzakvelder i kyrkjekjelleren i 2019. Det synest me i Glødkomitéen er eit kjempebra tiltak som godt kan kallast Glød-arrangement. Det same med familieleiren som skal vera nå i mars 2020.

Me i komitéen ser føre oss at me kan ha eit meir «administrativt» ansvar framover. Me

*Siv H. Undheim  
Glød – komitéen*

trur ikkje me klarar å halda aktivitetar og arrangement i gang dersom organiseringa og ansvaret for desse alltid blir lagt på oss i komitéen. Ut frå vår eigen erfaring på området er det vanskelegare å få folk til å engasjera seg i langvarige verv nå enn før. Forsking syner også dette, og i heile landet går andelen «kjernefrivillege» ned. Det er enklare å få folk til å stille på aktivitetar som er av kortvarig karakter, som dei ikkje bind opp så mykje av fritida si på. Derfor trur me at Glød-komitéen framover kan fortsetta med ei slags administrativ rolle. Me kan for eksempel søka om økonomisk støtte frå kommunen, så kan det delast ut til aktivitetar som går inn under Glød-konseptet. Me kan bistå med råd og hjelp i organisering av ulike aktivitetar, og kan sjølv sagt vera med å arrangera aktivitetar sjølv innimellom. Me trur at på denne måten, med å fordela oppgåver og aktivitetar på fleire, så held folk ut lenger som frivillige medhjelparar i kyrkja.

Sidan me ikkje har arrangert noko, har me heller ikkje brukt nokon økonomiske midler i 2019.



## UTDRAG FRÅ KYRKJELEG ÅRSSTATISTIKK

	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Antal gudstenester	27	28	26	28	31	28
Gudstenestedeltakarar	3572	3539	3342	3306	3466	2968
Nattverdgjester	1016	972	923	566	706	898
Døyppte	15	24	15	15	13	12
Konfirmerte	16	7	15	10	14	9
Vigde	10	7	3	3	3	2
Gravlagde	9	6	10	9	6	8
Innmelde i Dnk	0	0	0	0	0	0
Utmelde av Dnk	0	2	8	13	3	3
Ofringar totalt	141.651	125.980	119.327	107.403	137.131	134356
Ofringar til eiga verksemd	54.901	59.401	56.761	56.998	69.811	61938
Gjevarteneste	419.650	459.400	449.600	418.100	380.900	356050

### Døyppte i UNDHEIM

Dåpsseremoniar i kyrkja: 12

- 8 sokneborn

- 4 born frå andre plassar (av desse kom 1 frå Bryne, 1 frå Lye, 1 frå Nærbø og 1 frå Kvaløya)

**Sokneborn frå Undheim døypt i andre kyrkjer: 1** i Hamre kyrkje

Døyppte sokneborn totalt 2019: 13

## SAMANDRAG AV ØKONOMIEN TIL SOKNERÅDET

Rekneskapet viser at soknerådet gjekk med eit underskot på 3775 kr. Me vil få refundert utgifter til lønskostnadar for 2019 i 2020, så eigentleg sit me igjen med eit overskot på 28672 kr. Gjevartenesta sank med 24 850 kr samanlikna med 2018. I offer overførte me 64 570 kroner til andre. Elles har me betalt

halvparten av løna til presten, vår del av Ung i Time og samarbeidet om trusopplæringa som Time, Bryne og Undheim står for.

For 2020 vil det vera viktig å auka gjevartenesta viss det blir tilsett ein ungdomsarbeidar/ettåring slik det er planlagt.

Behaldning på kontoane 31.12.2019:

Sparekonto: 356101 kr

Brukskonto: 72039 kr

Gjevarkonto: 338407 kr